# Aurland kommune
**Rådmannen**

Aurland, 26.09.2022

Aurora Ådland
Odden 10
5745 AURLAND

| Vår ref. | Dykkar ref. | Sakshandsamar | Arkiv |
|---|---|---|---|
| 19/1045-29 | | Anita Lærum, 959 84 642 | K1-033, K2-C10 |

## Aurland ungdomsråd - møtereferat 23. september 2022

Desse møtte; Sigve Vikesland, Aurora Ådland, Markus Sviggum, Kari Beate Kvam, Trygve Skjerdal og Henning Elgåen.
Forfall; Vegard Ebne

**05/22 Godkjenninga av møtereferat** frå 18.mars – godkjent

**06/22 Frivillig året 2022**

Ta kontakt med kommunen/kultureininga om arrangement som skal vera i løpet av haust/vinter.

**07/22 Gjennomgang av ordninga med spelemidlar og Plan for fysisk aktivitet og folkehelse.**

Henning Elgåen hadde ein grundig gjennomgang i høve samanhengen mellom forskjellige planar, budsjett, økonomiplan og spelemiddel ordninga.

Oppsummering;
- Plan for fysisk aktivitet og folkehelse skal reviderast – blir lagt ut på høyring
- Budsjett for 2023 – blir lagt ut på høyring
- Tilbygget på Aurlandshallen – ungdomsrådet ynskjer og vera med i vidare planlegginga av innhaldet og arealbruken på det nye bygget
- Uteområdet på ABU – startar opp i november etter plan. Utfordring; treng nytt namn – det er ikkje ein Tuftepark lenger
- Innspel om oppmerking av tennisbane ved fotballbana (Aurland stadion) og framtidig bruk av området.Kan senda dette inn, som innspel, ved høyring av Plan for fysisk aktivitet og folkehelse.

**08/22 Nytt frå Trygve Skjerdal, ordførar**

- refererte i frå sist kommunestyret
- Oppstart av planarbeid og høyring av planprogram – ungdomsrådet vil bli involvert i arbeidet med jamlege orienteringar.

**09/22 Tilbakemelding frå elevrådet i høve UKM**

Elevrådet på ABU hadde før sommarferie møte der Camilla Hansen og Øyvind Ottesen.
Vegen vidare for Aurland er ikkje fastsett endå, men etter korona og meir digitalisering, og meir informasjon frå UKM nasjonale og frå Vestland fylke kjem.

**10/22 Oppvekst konferanse 03. november**

Aurland ungdom blir med på konferansen – litt usikker på kor mange. Alle melder inn til Anita om dei kan stilla.

**11/22 Ymse**

**Bussrute til Voss** med venting i Gudvangen på ettermiddag
Det er mange elevar som pendlar til Voss frå Aurland, kvar dag.
Venting i Gudvangen på ettermiddag 1 time er ikkje ynskjeleg.
Aurland kommune bør ta dette opp med fylkeskommune og eller senda inn forslag ved ruteendring i haust.

**Trimrommet**
Aurland ungdomsråd ynskjer fleire opningsdagar eller opningstid på trimrommet.
Trimrommet blir mykje brukt, i kjernetida fram til kl 1900, mykje folk og mykje venting på trimrommet.
Dette hadde kanskje løyst seg om det var opent norke dagar til i løpet av ei veke.

Neste møte i Aurland ungdomsråd – *fredag 11. november kl. 18 00*

Med helsing

Anita Lærum

*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift*

**Kopi til:**

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Beathe Ekhall Stentvedt | 5745 | Aurland | Leiar støtte og digitalisering | Rådmannen |
| Henning Elgåen | | | | Teknisk |
| Trygve Skjerdal | 5745 | AURLAND | Ordførar | Politisk leiing |

**Kopi til:**

**Likelydande brev er sendt til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Aurora Ådland | Odden 10 | 5745 | AURLAND |
| Kari Beate Kvam | Bjørgavegen 97 | 5745 | AURLAND |
| Markus Sviggum | Skulevegen 44 | 5745 | AURLAND |
| Sigve Vikesland | Vikeslandvegen 3 | 5745 | AURLAND |
| Vegard Ebne | Skjerdalsvegen 20 | 5745 | AURLAND |